



Inge Østergaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/327 - 14/2399

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

21.02.2014

Avkørsel Flatøy

Viser til e-post frå 11.02.2014.

Flatøyvegen, som avkørselen vil vere knytt til, er i dag kommunal veg. Det er riktig at byggegrensa frå veg er 15 m for kommunale veger jf. Veglova § 29. Byggegrensa er fastsatt for å sikre at det som hovedregel ikkje skal settast opp byggverk tett opp til offentleg veg. Byggegrensa regulerer såleis ikkje utforming av avkørsler, men forholdet til andre byggverk som f.eks hus, garasjar, murar ol. Ei avkørsel fell i denne samheng ikkje inn under § 29 sin definisjon av byggverk ettersom ei avkørsel må byggast nærare enn 15 m frå offentleg veg for å oppretthalde sin funksjon som avkørsel.

Når det gjeld utforming av avkørsel reguleres denne etter «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkørsler frå offentlig veg». I § 3 i forskrifta spesifiseres det at det på dei næraste 50 meter frå offentleg veg skal avkørselen ha maksimal stigning på 1:8 (12.5%). Revidert trasè for avkørsel til gnr 1 bnr 399 oppfyller ikkje dette kravet. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er mogleg å få til ei trasèløyning som tilfredsstillar stigningskravet i forskrifta på denne sida av eigedomen. Grunneigar bør her vurdere å sjå på andre alternativ.

Dersom det framleis er ønskjeleg med ei førehandskonferanse, ber vi om at du tar kontakt med kommunen for avtale.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Inge Østergaard

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

